



Statens vegvesen

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/15838-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.03.2021

Uttale til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033 – Høyring og offentlig ettersyn av regional plan

Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune, dagsett 25.01.2021. Saka gjeld høyring og offentlig ettersyn av Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033. Høyringsfrist er sett til 26.03.2021.

Frå høringsbrevet:

Planen byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplanen for Vestland 2020–2024. Det omfattande kunnskapsgrunnlaget for den regionale planen viser ulike scenario, moglegheiter og barrierar for å lukkast med å tilpasse seg dei store samfunnsendingane og internasjonal konkurranse. All kunnskap peiker på at korleis ein taklar den store berekraftige omstillinga er avgjerande for å lukkast. Tida er knapp. Vi må ta utgangspunkt i dei store fordelane vi har i næringslivet og som ofte er basert på naturressursane våre. Vi må ta i vare det vi er gode på i dag, legge grunnlag for nye innovasjon på tvers av verdikjeder – og gripe nye moglegheiter. For å lukkast, må vi bygge vidare på verdiane til det nye fylket; «kompetent, open og modig».

Hovudmålet for planen er: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Planen har tre satsingar:

- *Grøn næringsutvikling*
- *Innovative og inkluderande samfunn*
- *Areal for næringsutvikling*

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Statens vegvesen meiner framlegget til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 20201–2023 er godt gjennomarbeida og i stor grad inneheld det eit slikt dokument skal svare på. Planen kan bli eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Dei tre satsingsområda utgjer eit godt grunnlag for å kunne arbeide mot måla sett i planen. Spesielt vurder Statens vegvesen satsingsområdet areal for næringsutvikling som sentralt. Gode moglegheiter for transport er viktig for en berekraftig utvikling. Val knytt til lokalisering av næring vil kunne påverke transportbehovet i den aktuelle kommunen.

Som det går fram av nyleg vedteken Nasjonal transportplan 2022–2033 (NTP) er planlegging etter plan- og bygningslova eit effektivt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk og for å bidra til berekraftige transportløyser. Regjeringa legg visjonen om eit transportsystem der ingen blir drepne eller hardt skadd til grunn for arbeidet med trafikktryggleiken i Noreg.

Det har vore halde fleire innspelsmøte i samband med høyringa, der kommunar og andre har fått høve til å synleggjere behov og problemstillingar knytt til næringsutvikling i Vestland fylke. I planframlegget er det mellom anna sett eit mål om at ny næringsutvikling og industri skal etablerast utan nye naturinngrep og at ein difor bør vurdere fortetting rundt eksisterande næringsareal. I innspelsmøte den 16.03.21 vart det peikt på at det for næringslivet ofte er økonomisk utfordrande å oppfylle rekkefølgekrava til utbetring av veg og trafikksikre løysingar i slike område.

Det er store ulikheiter mellom kommunane i Vestland. Statens vegvesen er derfor noko usikker på om Regional plan for innovasjon og næringsutvikling vil kunne fungere som overordna styringsdokument for alle kommunar.

Statens vegvesen støttar likevel hovudintensjonen bak planframlegget. Kapittel 4.3 skildrar verktøy og verkemiddel som kan nyttast for å nå måla i planen. Vestland fylkeskommune si rolle som utviklingsaktør kan med fordel tydeleggjerast noko meir.

Statens vegvesen meiner det er behov for å konkretisere nærare kva som ligg i å «*arbeide med gode prinsipp for utarbeiding av gode rekkefølgekrav, for at desse skal framstå som rimelege. Det er viktig å vekte interessene til utbygger på lik line med andre interesser*» (side 18). Statens vegvesen tenker i denne samanhengen spesielt på korleis denne ordlyden blir å forstå i høve til dei føringar som ligg i NTP knytt til nullvisjonen.

Vi har utover dette ingen merknader og ynskjer lykke til med det vidare planarbeidet.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER